



1,4 tonn var resultatet av fisket i fjor

**Styret i Uskedalen Grunn- og Elveeigarlag kallar herved inn til årsmøte i laget torsdag den 9.februar kl.19.30. Møte vert halde på Stemneplassen.**

Det har i sesongen 2011 vore fiska opp ca 1,4 tonn laks og aure i Uskedalselva. Det er eit svært godt resultat for eit så lite vassdrag.

Styret i laget har vore i kontakt med Unimiljø i Bergen og bede dei om å komme med ei redegjering om tilstanden på elva vår. Dei kjem til å komme to mannfor å vise oss bilder og video frå elva og frå andre elvar i Kvinnherad.

Det foreløpige resultatet etter teljinga av gytefisk er 179 aurar og 182 laks. Observerte oppdrettslaks teljedagen var 15 stk. Av desse er det tatt opp 11 stk. Unimiljø anbefaler ein eggtefthet i elva på 2-4 egg pr.m2. Dette kjem dei nærare inn på på møtet.

På saklista ellers er det:  
Godkjenning av innkalling og sakliste.  
Rekneskap ved vår rekeskapsfører Ståle Eik.  
Årsmelding frå styret.  
Forslag til fiskereglar.(Vihar pr. dags dato ingen)  
Tilsetjing av nye oppsynsmenn.  
Ymse.

Styret i Uskedalen Grunn- og Elveeigarlag ønsker alle grunneigarar velkomne til årsmøtet på Stemneplassen.

**Johannes Kaldestad Feet**  
leiar